



Kalkdoseraren har vore eit svært vellukka tiltak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen har no svara på søknaden om midlar til kalking av Uskedalselva og lovar overføring av 100.000 kroner med det første. Det vart søkt om 130.000.

Fylkesmannen gjer kommunen refusjon for 60.000 kroner for utgifter til drifta av kalkdoseraren i fjor. Det blir i tillegg gjeve eit førebels tilskott på 40.000 til dekning av løpande utgifter i år.

Kommunen må innan 1. mars senda Fylkesmannen eit oversyn over bruken av tildelte midlar til doseraren frå 2007 til 2010.

Til våren vil så Fylkesmannen ta opp med kommunen korleis overføringane til drifta best skal organiserast i tida som kjem.